

TIL FØRESETTE I BARNEHAGAR

Hesledirektoratet har vedteke å stengja alle barnehagar, skular og SFO frå og med 13.mars til 26.mars 2020. Vedtaket kan bli forlenga.

Kommunane har ei plikt til å gi eit omsorgstilbod som gjer at føresette til barn av helsepersonell og andre i kritiske samfunnsfunksjonar kan gå på jobb.

For barn med særskilte omsorgsbehov som ikkje kan bli ivareteke når barnehagen er stengt, vil kommunen gjera individuelle vurderingar for å ivareta dei aktuelle barn og familiar.

For å få oversikt over kven som kan ha rett til eit omsorgstilbod for sine barn, ber me om at aktuelle føresette fyller ut vedlagte skjema så snart som mogleg. Me ber også om at klokkeslett frå – til dei ulike dagane blir oppgitt i fritekstfelt under avkryssing for dagar.

Organisering av tilbodet:

- Barna vil få eit tilbod i sin barnehage.
- Opningstida blir tilpassa behovet til føresette som har fått plass.
- Kvar barnehage vil gi informasjon om korleis tilbodet blir organisert.
- Barnehagen gir også informasjon om kven føresette kan kontakta ved behov.
- Me ber om at telefonkontakt blir nytta til personsensitiv informasjon. Barnehagane har per dato ikkje eit digitalt kommunikasjonsverktøy som er godkjend etter Lov om personvern. (GDPR) Telefonnummer til kvar barnehage finn de på [heimesida](#) til Saude kommune.
- Oppstår endringar i behov for eit omsorgstilbod, ber me om at de tar kontakt med styrar i kvar barnehage. Bruk **mobilteltelefonnummer** som er oppgitt.

Oppmoding:

- Me ber om at alle følgjer råd frå nasjonale og lokale mynde, og held seg oppdatert på informasjon som blir lagt ut på [nettsider](#).
- Les [gode råd](#) frå psykolog Peder Kjøs.

Saude kommune 13.03.20

Jakob Svandal

Kommunalsjef barnehage, skule og intro